



Styret i Uskedal Båtlag: F.v: Leif Jarle Bergstø, Hans Gustav Mussland (leiar), Anja Strüter, Jan Henrik Hansen og Jostein Hauso.

**Hans Gustav Mussland held fram som leiar i Uskedal Båtlag. Med seg i styret har han: Anja Stüter, Jostein Hauso, Jan Henrik Hansen og Leif Jarle Bergstø. Varamedlemer: Frode Myklebust og Egil Myhre. Årsmeldinga synar at laget har god drift med mange tiltak. På arbeidsplanen for 2019 står mellom anna arbeidet med å skaffa ny slippvogn og ny wire. Det vert arbeidd med å få asfalt på den delen av plassen som er graven opp og fyllt med massar.**

2018 var eit aktivt år for Uskedal Båtlag

- Det elektriske anlegget er oppgradert
- Det er montert nye lampar i hamna
- Det er montert straum og lampar i strandstova, i tillegg til vatn og kjøkkenbenk
- Det er montert skilt på Strandstova, laga av Steinar Myklebust og Gaute Haugland
- 3 av 4 straumsøyler er montert
- Det er kjøpt inn robotklyppar
- Det er lagt ut gangbru ved slippen
- Det er utført dugnad
- Det er leigd inn ungdomar som tek alt reinhald av vaskerom og WC/sanitær

Styret har merka seg at båtgjestene og folk frå bygda trivst i område. Strandstova har vore nytta av medlemer, gjester og andre. Samarbeidet med Rabben Feriesenter og SPAR er positivt.



Slippen må fornyast, anten ved nykjøp eller ved oppgradering. Bak ser vi den nye Strandstova.

Nokre ( 6 - 7 stk.) ynskjer båtplass i Uskedalen og er ført på liste. Det er toppen 2 - 3 ledige plassar. Inngangsprisen er kr. 50.000,-

Tiltaksplanen for 2019 har også med ladepunkt for elbilar og webkamera. Opptrekket må støypast lenger ut.

Sumarum fører rekneskapet. Det er inntekter på kr. 587.139,- mot kr. 529.805,- året før. Gjelda er redusert frå kr. 574.237,- til kr. 376.438,-.

Pr. 31.12.2018 har Uskedal Båtlag eit innskot i bank på kr. 94.263,-

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal